
Saksnr: 2020/79422-1
Saksbehandlar Kathrin Jakobsen
Dato: 18.12.2020

Til: Hovudutval for næring
Hovudutval for opplæring og kompetanse
Hvoudutval for kultur, idrett og integrering
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Status for Karriere Vestland

I sak PS 53/2020 Regional kompetansepolitikk i Vestland vedtok Fylkestinget at den regionale kompetansepolitikken skal vere eit prioritert satsingsområde, og Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland. Ei heilskapleg karriereteneste var eit sentralt tema i saka, og Karriere Vestland som er ei fylkeskommunal offentleg karriereteneste til alle vaksne over 19 år, har ei viktig rolle både i den regionale og nasjonale kompetansepolitikken. Integrerings- og inkluderingsperspektivet vart understreka.

Regjeringa, og partane i arbeidslivet, har i fleire år systematisk løfta fram karriererettleiing som ein sentral del av den nasjonale kompetansepolitikken. I 2017 vart Nasjonale kompetansepolitiske strategi (2017-2021) vedtatt og signert av fem departement og dei 8 hovudsamanslutningane i arbeidslivet.

«Strategien har som mål å bidra til at enkeltmennesker og virksomheter har en kompetanse som gir Norge et konkurransedyktig næringsliv, en effektiv og god offentlig sektor, og gjør at færrest mulig står utenfor arbeidslivet.»

«Et sentralt delmål i nasjonal kompetansepolitisk strategi er å sørge for tilgang til karriererettleiing og et helhetlig system for karriererettleiing, med særlig vekt på de regionale karrieresentrene. Det er viktig å styrke kompetansen til karriereveiledere og rådgivere, inkludert kunnskap om arbeidsliv, arbeidsmarkedets behov for kompetanse, seniorperspektivet, integreringsperspektivet og samisk kultur- og næringsliv.»

Som ei oppfølging av dette er det gjort ei rekkje grep på nasjonalt hald som har betydning for Vestland fylkeskommune si utforming av karrieretenesta:

Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing vart lansert i 2019, og hausten 2020 vart den nasjonale portalen karriereveiledning.no lansert. Dette legg føringar på fylkeskommunane sitt arbeid med å utvikle kvalitet i karriererettleiinga. Fylkeskommunane har her eit høve til å ta ei samordnande rolle i eigen region.

Stortinget vedtok 19.juni 2020 ny §13-3f i «Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)». Fylkeskommunane har no ei lovfesta plikt til å tilby karriereteneste til alle innbyggjarane. Denne lovendringa kom som følge av at tilskot til karrieresentera, som var ei øyremerka tildeling i statsbudsjettet, blei omgjort til ei rammeoverføring, som ledd i regionreforma. I prinsippet ville det difor vere mogleg for fylkeskommunane å leggje ned dette tilbodet i sin heilskap. Vestland fylkeskommune støtta denne lovendringa i si høyringsuttale [PS 7/2019](#).

Stortinget vedtok i tillegg 13.oktober 2020 ny «Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (Introduksjonslova)», i denne sak relevant § 4 og §11. Introduksjonslova gjev individuell rett og plikt til karriererettleiing for målgruppa. Vestland fylkeskommune høyringsuttale til innføring av ny Introduksjonslov kjem fram av sak [PS 8/2019](#)

Desse to lovendringane var varsla i St.Mld.. 6 (2018-2019) Oppgåver til nye regionar.


Status Karriere Vestland

Vestland fylkeskommune har etablert eininga Karriere Vestland, som del av Avdeling for Innovasjon og Næringsutvikling, for å tilby gratis karriererettleiingsteneste til alle vaksne over 19 år. Denne tenesta kjem i tillegg andre offentlege tilbod om karriererettleiing, slik som fylkeskommunen sitt tilbod om karriererettleiing til dei som har rett til vidaregåande opplæring, organisert både gjennom rådgjevartenesta ved dei vidaregåande skulane og ved dei nye rettleiingstenestene organisert under Avdeling for opplæring og kompetanse. NAV tilbyr også karriererettleiing til dei som er arbeidsledige og permitterte. Prinsippet nasjonalt har vore å sikre at vaksne som ikkje «høyrer til» målgruppene til desse tenestene, også skal ha tilgang på gratis karriererettleiing. Karriere Vestland tilbyr difor gratis karriererettleiing til vaksne 19+ uavhengig av opplæringsrettar innan vidaregåande og uavhengig av om dei er i jobb eller utan jobb.

Karriere Vestland gjev karriererettleiing både 1:1, gruppevis og i form av kurs. Målet er at dei skal bli kjende med sine eigenskapar, interesser og kompetanse, og skal kunne ta gode og velinformerte val knytt til utdanning, opplæring og arbeid.

Status for lokasjonar og tilsette i Karriere Vestland:

Leiarfunksjon	1 leiar lokalisert på Sandsli
Stad/ Nordfjordeid	1 karriererettleiar (frå juni 2020)
Sunnfjord/ Førde	1 karriererettleiar (frå juni 2020)
Alver/Knarvik	1 karriererettleiar
Stord/Leirvik	2 karriererettleiarar
Bergen/ Sandsli	4 karriererettleiar
	1 mellombels prosjektstilling knytt til integrering (ambulerande)
	3 prosjektstillingar nasjonal digital karriererettleiing (statleg fullfinansiert)



Bakgrunnen for dei 3 prosjektstillingane knytt til nasjonal digital karriererettleiing er at Vestland fylkeskommune i 2020 vann ein søknadsrunde med dei andre fylkeskommunane om å bemanne den [nye nasjonale digitale karrieretenesten](#) karriereveiledning.no. Dette tilbodet er fullfinansiert av staten, og hadde oppstart 1.oktober 2020 med prosjektperiode ut 2022. Signal frå Regjeringa er tydelege på at tenesta er etablert fast, mens det i prosjektperioden er fokus på å prøve ut og få til god samhandling mellom Kompetanse Norge, og dei fylkeskommunale tenestene. Det er dei fylkeskommunale karrieresentera i Vestland, Trøndelag og Innland som deltar i denne ordninga med totalt 9 e-rettleiarar, medan 10 e-rettleiarar er tilsett i Kompetanse Norge og lokalisert i

Tromsø. Karriere Vestland har tre stillingsheimlar knytt til dette, og oppgåvene deira er spissa mot den nasjonale digitale tenesta.

Den mellombelse prosjektstillinga knytt til integrering er finansiert med midlar som vart løyvd i statsbudsjettet for 2020. Prosjektstillinga skal nyttast til å utvikle tilbodet til flyktingar og asylsøkjjarar med heimel i Introduksjonslova. Det inneber tett kontakt med kommunar for å gje karriererettleiing til veksøkarane med rett i høve Introduksjonslova der dei bur. Det er naturleg og sjølvsagt å nytte karriererettleiarane i alle lokasjonar også i dette arbeidet. Arbeidet er no i gang med å tilby karriererettleiing til deltakarar i introduksjonsprogrammet. Status no er at vi klarar å gjennomføre alle innmeldte behov før utgangen av 2020.

Karriere Vestland har soleis 14 høgt utdanna og vel erfarne medarbeidarar. Dei er spreidd utover i Vestland fylke. Dei skal levere eit likeverdig tilbod og gje karriererettleiing av høg kvalitet til alle over 19 år i heile fylket, og frå 2021 deltakarar i introduksjonsprogrammet for flyktingar og asylsøkjjarar i kommunane. I dette arbeidet er det viktig å byggje gode relasjonar både til kommunane, næringslivet og utdanningsaktørar.

Fram til 1.1.2020 har karriererettleiingstenester til vaksne over 19 år vore tilskotstyrt. Tilskotet til etablering av fylkesvise partnerskap for karriererettleiing vart oppretta i 2014 for å bidra til at alle, inkludert vaksne, skal ha eit tilbod om karriererettleiing. Dette er omtala i sak [RS 94/2020](#) i fylkesutvalet. I 2019 utgjorde tilskotet totalt 34,5 millionar kroner, med like mykje til kvart fylke uavhengig av storleik eller tal innbyggjarar. Desse midlane er no lagt inn i rammeoverføringane til fylkeskommunane. Storleiken på desse midlane er ikkje endra vesentleg etter at ansvaret for karriererettleiinga blei lovfesta.

I tillegg har staten i fire år løyvd midlar til prosjekt for karriererettleiing ved Integreringsmottak og asylmottak i nokre kommunar. Tidlegare Karriere Hordaland har i desse åra tilbode karriererettleiing til bebuarar ved Stord Asylmottak, i tett samarbeid med Kompetanse Norge og IMDI. Staten har finansiert dette med kr 500 000 årleg. Resultat og evalueringa av dette kjem fram i rapport [Evaluering av integreringsmottak](#) Dette prosjektet har vore direkte utløysande for lovfesting av karriererettleiing til flyktingar og asylsøkjjarar i den nye Introduksjonslova.

I Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2021 er det sett av øyremerka midlar til karriererettleiing for flyktingar og asylsøkjjarar som ein del av introduksjonsprogrammet. For Vestland fylkeskommune utgjør dette 3,33 millionar per år, jf. RS 94/2020.

I [PS 88/2020](#) Disponering av ekstraordinære midlar til kompetansehevingstiltak vedtok fylkesutvalet mellom anna å tilføre 2 millionar kroner til Karriere Vestland for å kunne auke opp aktivitetane knytt til grupper som var særskild ramma av Covid-19. Det vart gjort tydeleg i saka at desse midlane skulle brukast til å prøve å få til eit godt sektorovergripande samarbeid, som gjer oss i stand til effektiv opp- og nedskalering av tenesta. Med nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing som plattform har Vestland fylkeskommune gjennomført ein anbudsrunde, og landa avtale om samarbeid med arbeids- og inkluderingsverksemda Beredt AS og deira underleverandørar, for levering av karrieretenester på vegne av Karriere Vestland ved behov. Eit sentralt kriterium har vore god dekking av store delar av fylket. Desse midlane gjer oss i stand til, i ein periode, å kunne ta imot stort trykk frå arbeidslose og permitterte i heile fylket, og samstundes ha kompetanseutveksling med ein av mange sentrale aktørar inkludert i nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing. Dette var også diskutert med NAV Vestland i forkant som ser særst positivt på at Karriere Vestland på denne måten kan tilby tenester i eit omfang som vil hjelpe arbeidsledige og permitterte i ein ekstraordinær situasjon og som vil avlaste NAV. Den gruppa Karriere Vestland tilbyr tenester til er ikkje prioritert i NAV sin portefølje.

Vestland fylkeskommune har per i dag ei sterk og synleg eining for karriererettleiing, som gjev karriererettleiing med god kvalitet. Karriere Vestland blir trekt fram som eit døme til etterfølging av sentrale myndigheiter.

Vidareutvikling av Karriere Vestland

Karriere Vestland som kompetansesenter for karriererettleiing i Vestland fylke

Karriere Vestland vil halde fram med å samarbeide tett med andre delar av fylkeskommunen sin organisasjon, og ikkje minst kommunane og andre offentlege aktørar som tilbyr karriererettleiing. Arbeidet er godt i gang, både systematisk samhandling med Avdeling for Kultur og integrering og Avdeling for Opplæring og kompetanse, og kommunane.

Vidareutvikling av rolla som kompetansesenter for karriererettleiing er ei viktig oppgåve for Karriere Vestland. Det nasjonale kvalitetsrammeverket er eit verktøy for betre samhandling mellom ulike sektorar/offentlege aktørar i regionen som leverer karriererettleiing. Det er naturleg og viktig at Vestland fylkeskommune ved Karriere Vestland tar ei leiande rolle i utrullinga av kvalitetsregelverket i samarbeid med mellom anna Kompetanse Norge. For vegsøkjjarane er det viktig at karriererettleiinga er gjenkjenneleg på tvers av utdanningsnivå og sektorar i fylket.

Ei karriereteneste som dekkjer heile fylket

Ei av fleire store utfordringar er at det er store avstandar i Vestland fylke. Den fysiske organiseringa speglar den organiseringa og dei lokasjonane som var gjeldande i Hordaland og Sogn og Fjordane. Indre del av Vestland fylke har ikkje same tilbod om fysisk lokasjon og rettleiing på staden. I tillegg til dei fysiske lokasjonane er det også digitale tilbod via telefon og video. Det siste er eit tilbod som når ut til alle som har tilgang på telefon og internett, samt digitale verktøy som PC eller smarttelefon/ipad/tablet. Soleis har alle innbyggjarane tilgang til tenester levert av Karriere Vestland, og den nye nasjonale digitale tenesta, men vi kan også anta at det er mange som ikkje opplever at desse tilboda ikkje fangar opp dei på grunn av utryggleik i møte med, og tilgang på, teknologien.

Framover vil Karriere Vestland utnytte dei nye erfaringane med digitale tenester sidan stadig fleire har fått god erfaring gjennom bruk av digitale media både som elev, student og tilsett frå eige heimekontor. Mykje av teknologien er kjent, men er nå for alvor tatt i bruk av mange.

I den økonomiske situasjon fylkeskommunen no står vil fylkesrådmannen gjere ei grundig vurdering av korleis vi kan nytte ressursane best mogleg. Vi er framleis i fasen med å utvikle og tilpasse tilboda våre i eit nytt stort fylke, og vi må sikre at vi har best mogleg dekking av alle regionane og slik følgjer opp dei politiske føringane om å nå ut i alle delar av fylket. COVID19, eit stort geografisk område og avgrensa økonomiske ressursar krev god planlegging, innovasjon og fagleg kvalitet i alle prosessar.